



**Møteprotokoll
(styremøte 29, nr 2 i 2018.)**

For styremøte nr 2 i 2018, 5. april kl 1315 på kommunestyresalen i Jondal.

Desse møtte: Toralv Mikkelsen, Svein K Halleraker, Heidi Sandven Botnen, Jon Larsgard og Benthe Enes Bondhus.

Dessutan møtte Per Steffen Myhren.

Saker til handsaming.

Sak 18.02.05 Godkjenning av sakliste og innkalling.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner sakliste og innkalling.

Vedtak: Styret godkjenner sakliste og innkalling.

Sak 18.02.06 Godkjenning av møtebok frå styremøte 28., 6. februar. 2018.

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner møteboka frå styremøte 28, 6. februar 2018.

Vedtak: Styret godkjenner møteboka frå styremøte 28, 6. februar 2018.

Sak 18.02.07 Søknad om å justera ned bompengetakstane for Jondalstunnelen.

Dagleg leiar og styreleiar har saman med Per Steffen Myhren og SV arbeidd ut utkast til søknad til Vegdirektoratet om reduksjon av takstane i Jondalstunnelen slik styret har bede om og i tråd med vedtaket i sak 06/18 i generalforsamlinga for Jondalstunnelen AS 6. februar 2018. Innhaldet i utkastet til søknad er teke inn nedanfor:

«Søknad om justering av bompengetakstane i Jondalstunnelen, Fv 107 i Hordaland.

Jondalstunnelen opna for trafikk 7. september 2012. Stortinget har gitt Jondalstunnelen AS løyve til å krevja inn bompengar i 15 år, dvs til 7. september 2027. Takstane har vore kr 100 for liten bil og kr 200 for stor bil frå starten av og med rabattar på 30/40/50 %. Dette er i samsvar med den endelege bompengesøknaden frå selskapet datert 24. februar 2012.

Styret for Jondalstunnelen såg tidleg at trafikken og inntektene vart større enn føresett og at gjelda ville bli nedbetalt på kortare tid enn 15 år og bad Kommunalbanken om ein nedbetalingsplan på 10 år. Etter denne planen skal bompengelånet vere nedbatalt i desember 2023. Styret har og inngått ein tiårs rentesikringsavtale (SWAP) med DNB Markets. Denne vert avskriven til 0 den 21. desember i 2021.

Med dagens takstnivå og endra føresetnader i høve til stortingsproposisjonen, spesielt den store auken i trafikken, har som konsekvens at heile bompengelånet vil kunne innløysast i løpet av 2018 og forskoteringa frå fylkeskommune og kommunane på tilsaman 21 mill kr, kan nedbetalast i åra 2018/2020.

Jondalstunnelen AS skal overtakast av det regionale bompengeselskapet Ferde i løpet av 2018. Det vart innført nye takstgrupper i 2016 og forslaget til nye takstar er 105 kr for takstgruppe 1 uten rabatt og 164 kr for takstgruppe 2. Dagens takst er tilsvarande 100 kr og 200 kr. I det nye systemet kan ein få 20% rabatt dersom ein har brikke i takstgruppe 1, men for takstgruppe 2 er det ikkje rabatt. Dette vil gi ein monaleg auke i prisen for dei 20% i takstgruppe 1 og dei 34% i takstgruppe 2 som i dag har avtale om 50 % rabatt. For gruppe 1 vil prisen pr passering gå opp frå 50 kr til 84 kr og for gruppe 2 frå 100 kr til 164 kr for dei som har avtale om 50% rabatt.

På denne bakgrunn har styret i Jondalstunnelen teke opp spørsmålet om å redusere dagens bomtakstar vesentleg slik at dagens bompengoordning først vert avslutta i 2023.

Dette opplegget må i første omgang godkjennast av eigarane i selskapet.

På ekstraordinær generalforsamling i selskapet den 6. februar 2018 vart spørsmålet handsama som Sak 06/18. Søknad om å justera ned bompengetakstane for Jondalstunnelen.

Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak: Generalforsamlinga i Jondalstunnelen AS ber om at styret arbeider vidare med ei vurdering av ein takstreduksjon som særleg prioriterer lokale storbrukarar i prosjektet.

Gjennomsnittleg bominntekt pr bil er i 2017 vel 80 kr. Med ein reduksjon i gjennomsnittleg inntekt pr bil til om lag 25 kr frå 1. juli 2018 vil selskapet bli gjeldfritt i 2023. Dette er fire år kortare periode enn føresett då ein starta innkrevjinga. For dei to takstgruppene vil prisen då bli:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Nullutsleppskjøretøy
Bompengetakst	32,00	51,00	16,00
20 pst. rabatt	25,60		12,80

Sjå vedlagte notat frå Statens vegvesen datert 19. mars 2018. Nullutsleppskjøretøy er i hovudsak el-bilar som er føresett å betale halv takst når nasjonale reglar for om betaling for nullutsleppskjøretøy er på plass.

Styret si vurdering er at dette er beste måten å redusere bompengekostnadene for lokale storbrukarar og spesielt for det lokale næringslivet. For den framtidige Ullensvang kommune vert det og viktig for den interne trafikken.

Saka vert med dette brevet sendt Statens vegvesen Region vest som sender det vidare til kommunane Jondal, Kvinnherad, Odda og Kvam til fråsegn, sjå vedlagte notat frå Statens vegvesen datert 19. mars 2018. Deretter får fylkeskommunen det til fråsegn og Statens vegvesen Region vest sender saka over til Vegdirektoratet som har fullmakt til å godkjenne dei nye takstane.»

Framlegg til vedtak:

Styret for Jondalstunnelen AS vedtek å søkja vegdirektoratet om godkjenning av reduserte takstar i Jondalstunnelen slik at takstane blir:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Nullutsleppskjøretøy
Bompengetakst	32,00	51,00	16,00
20 pst. rabatt	25,60		12,80

Sjå vedlagte notat frå Statens vegvesen datert 19. mars 2018. Nullutsleppskjøretøy er i hovudsak el-bilar som er føresett å betale halv takst når nasjonale reglar for om betaling for nullutsleppskjøretøy er på plass.

Vedtak:

Styret for Jondalstunnelen AS vedtek å søkja vegdirektoratet om godkjenning av reduserte takstar i Jondalstunnelen slik at takstane blir:

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	Nullutsleppskjøretøy
Bompengetakst	32,00	51,00	16,00
20 pst. rabatt	25,60		12,80

Sjå vedlagte notat frå Statens vegvesen datert 19. mars 2018. Nullutsleppskjøretøy er i hovudsak el-bilar som er føresett å betale halv takst når nasjonale reglar for om betaling for nullutsleppskjøretøy er på plass.

Sak 18.02.08 Økonomisk rapport 4. kvartal 2017.

Økonomisk rapport pr. 31.12.2017 viser Brutto inntekt på kr 17 858 711, kr 238 289 under budsjett. Netto inntekt vart kr 14 500 080 som går til avskrivning av innkrevingsretten. Sjå elles vedlagd rapport med kommentarar.

Framlegg til vedtak: Styret tek økonomisk rapport pr 31.12.2017 med kommentarar til vitande.

Vedtak: Styret tek økonomisk rapport pr 31.12.2017 med kommentarar til vitande.

Sak 18.02.09 Framlegg til rekneskap for 2017,(løypemelding).

Framlegg til rekneskap for 2017 er utarbeidd av Økonomihuset Bergen AS og oversendt vår revisor. Vår rekneskap står på hans arbeidsliste 1. veke etter påske. Vedlagt utkast til resultatrekneskap og balanse. Revidert rekneskap vert lagt fram for styret snarast etter rekneskapen er revidert.

Framlegg til vedtak: Styret tek informasjonen om rekneskapen for 2017 til vitande.

Vedtak: Styret tek informasjonen om rekneskapen for 2017 til vitande.

Sak 18.02.10 Framlegg til budsjett for 2018.

I samarbeid med Økonomihuset har dagleg leiar arbeidd ut framlegg til budsjett for 2018 med brutto inntekt på kr 11 090 000 og netto resultat før avskrivning/avsetjing på kr 8 047 100.

Fylgjande føresetnad er lagt til grunn:

- Styret og eigarane godkjenner at det vert søkt om reduserte takstar i Jondalstunnelen med dei takstreduksjonar som er føreslege, og at vegdirektoratet godkjenner søknaden.
- Ein tek atterhald om at tidspunktet for innføring av eventuelle nye takstar vil få stor innverknad på inntekta til selskapet, og ein må eventuelt komma tilbake til ei justering når tidspunktet for innføring av nye takstar vert kjent.

Sjå elles utkast til budsjett for 2018 med kommentarar.

Framlegg til vedtak: Styret godkjenner framlegg til budsjett for 2018 med brutto inntekt på kr 11 090 000 og netto resultat før avskrivning/avsetjing på kr 8 470 100 som selskapet sitt budsjett for 2018. Vedtaket er basert på at søknad om reduserte takstar i Jondalstunnelen vert godkjend i Vegdirektoratet.

Vedtak: Styret godkjenner framlegg til budsjett for 2018 med brutto inntekt på kr 11 090 000 og netto resultat før avskrivning/avsetjing på kr 8 470 100 som selskapet sitt budsjett for 2018. Vedtaket er basert på at søknad om reduserte takstar i Jondalstunnelen vert godkjend i Vegdirektoratet.

Sak 18.02.11 Eventuelt.


Toralv Mikkelsen.


Svein K. Halleraker


Bente Enes Bondhus


Jon Larsgard


Heidi Sandven Botnen